



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 06.12.2016

**Sak nr.:** 16/3230-20

**Internt l.nr.** 42173/16

**Sak:** 49/16

**Tittel:** Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS

### Behandling:

Fylkestinget fann representantane Ryssdal, Distad, Kjelsnes og Kjøllesdal ugilde til å delta ved handsaminga av saka.

Gro Starheimsæter og Marit Aakre Tennø tok sete i tinget for Ryssdal og Kjøllesdal. Ole-Gunnar Krakhellen tok sete i tinget for Distad. Marie-Helene Hollevik Brandsdal tok sete i tinget for Kjelsnes.

### Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpande konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.

### Endringsframlegg:

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 2 i saka utsettast.

Fylkestinget ber om ei grundigare juridisk vurdering av tiltaket før vidare handsaming.

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2:

Fylkestinget gjev Fylkesutvalet fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS etter ei juridisk vurdering.

### Avrøysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 10 røyster og vart forkasta.

Punkta 2 og 3 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart deretter samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen skal løpande konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.